

Vedlegg: Samandrag av spørjeundersøkinga og gruppearbeida

Samandrag over det som peika seg ut i spørjeundersøkinga, gruppearbeida og tilbakemeldingar frå referansegruppene.

Vi brukte Smart City modellen for å prøva å systematisera arbeidet. Første kollonne viser temaet, andre kollonne er ei samanfatning over det respondentane meinte vi hadde i kommunen/ regionsenteret og tredje kollonne er samanfatning av det respondentane ønska av tilbod/ endring.

Tema	Kva har vi	Kva ønskjer vi
Kultur	-Baroniet og aktivitetane rundt -Kvinnherad kultursenter på Husnes har med sine mange tilbod alle forutsetningar for å bli eit attraktivt kulturelt knutepunkt i kommunen. -Bibliotek med gratis tilbod om barneteater m.m. er heilt unikt m.o.t. å gje alle mogelegheit til å delta i kulturelle aktivitetar. -Musikk/ liv og røra. Stort og variert miljø -Små plassar med ulike kulturtilbod (Nerhuskjellaren, Dønhaug, Valekaien, Ola løa m.m) -Festivalar: Festidalen, kammerfestivalen, matfestival, mytologifestival, kystkultur m.m. -Ulike konsertar i kultursenteret, i Rosendal, Sæbøvik m.m. -Husnes Storsenter -Lokal mat -Kulturlandskap, turistar, fjell, fjøra kyst m.m. -Båtliv -Idrett, morsjonsløp, Kvinnheradløp, Postvegløpet, Søralløpet (Hydroløpet) Åkraløpet, Toftåsen opp .mfl. -Breddeidrett, mange lag og organisasjonar.	Auka mangfald: <ul style="list-style-type: none"> - Fleire grupper inn i kulturskulen - Vi treng meir marknadsføring av kultursenteret. - Vi treng å vidareutvikla verkstadsfunksjonar (der folk ar aktive sjølve) i samarbeid med frivillige og kultursenteret. Dette kan gjera det meir interessant å opphalda seg og besøkje sentrum. - Idrett som kultur- meir enn berre fotball - Utnytta personlege eigenskapar og breiare talent, døme Nordfjordeid - Inkludering - Matkultur - Torgplass - Større idrettsarrangement - Eit kulturelt knutepunkt - Få informasjon via sosiale mediar, god heimeside og turistinformasjonen
Diskusjon: Under punktet kultur vart det snakka om å marknadsføra Kvinnherad kommune mot t.d. utflytta Kvinnheringar. Tilhøyrsløse var eit anna omgrep som var viktig, - at ein kjente seg «heime» i Kvinnherad. Korleis skal vi formidla at kultur på Husnes er kultur for alle i Kvinnherad? Å ha kulturelle møteplassar og tilbod om ulike aktivitetar for barn, ungdom og eldre var drøfta.		
Unikt for Kvinnherad	-Dugnadsånd -Mangfaldet -Mange turstiar -Natur: fjord, fjell, isbre -Baroniet, Valen, Rosendal, Husnes-parken, Handelandsdalen, Postvegen, Museet å Valen, Valekaien, Folgefonna, Klosteret, idrettsparken på Husnes, Steinparken,	-Finna noko som er unikt for Vestlandet -Kan Opsangervatnet nyttast betre? (Kan det lagast turstiar, møteplassar, toalettfasilitetar, grillplassar?) -Fokus på ein idrett og tilretteleggje for dette i ny hall? (- event. kommersielle messer) -Kultur og idrett må ha regional forankring.

Tema	Kva har vi	Kva ønskjer vi
	Folgefonsenteret, Galleri Guddal, Friheim gardsmat, Puttballbanen, Apejungelen, Kajakkutleige, Radiohola. Golfbane på Husnes Båthamner med gjesteplassar i dei fleste tettstadane	
Drøftingane gjekk på å tørre å ha store, «hårete» og høge mål og ambisjonar for kommunen. Regionale og nasjonale arrangement vart drøfta. Flott plass å bu, vi må få det fram!		
Skule og utdanningsfasilitetar	<ul style="list-style-type: none"> -Kvinnherad vidaregåande skule (KVV) -Valekrossen skule -Sunnhordland folkehøgskule -Kvinnherad kulturskule -Nettstudie -Kvinnherad Studiesenter (høgare utdanning og kurs) -Livslang læring -Senioruniversitetet -For mange elevar vel yrkesfag i høve tal på lærlingplasser -Høgskule/ universitetsutdanna kjem ikkje så ofte tilbake til Kvinnherad. -Fleire elevar vert tatt inn med spesielle behov ved KVV - Kurs i regi av ulike lag og foreiningar 	<ul style="list-style-type: none"> -Viktig å ha arbeidsplassar for dei med høgare utdanning - Høgskule skapar høgare utdanningsnivå i kommunen -Vi må skapa relevante arbeidsplassar -Akvakultur, pleie og omsorgsteknologi, lærar, miljøteknologi, opplevelsesturisme, aktivitetsbasert turisme, teknologiarbeidsplassar, robotisering, nettbasert handel, datalagringscenter. - Kurstilbod for aktiv, framtidsretta og helsebringande fritid
Diskusjon rundt dette temaet gjekk mykje på mogelegheitane for å få seg jobb etter avslutta utdanning. Tilbodet på Kvinnherad Næringservice (KNS) skulle vera eit supplement til å «koma seg ut» og ta utdanning. Men fokuset må vera å få ungdommen heim att til ein relevant jobb i Kvinnherad. Næringsutvikling og innovasjon var drøfta. Her vil det vera behov for å jobba vidare med næringsutvikling i Kvinnherad med fokus på nye og innovative tekniske jobbar.		
Arbeidsliv	<ul style="list-style-type: none"> -Gode entreprenørar i Kvinnherad – skapa utvikling, nyskaping - Stor sentral bedrift: Ny teknologi (Karmøy) B-hallen, tenester -Varemerke/ Image Vi har: Baroniet, Rosendal, hjortekommune, Klosteret, kulturkommune, hotellet på Husnes -Nye varemerker: Pilgrimsstopp, ulvanoso/ klatring, vandreturar-mangfald -Landbruket er viktig for Kvinnherad. Det opprettheld kulturlandskap 	<ul style="list-style-type: none"> -Næringsklynge, industri-nettverk med tanke på (mtp) kompetanse (ref Bømlø) Vi har nok areal til å få dette til- -Kvinnherad næringservice (KNS) må autoriserast av kommunestyret til å vera Kvinnherad kommune sitt rådgjevande organ i nærings spørsmål. -KNS må ha ei sterkare rolle i kommunen sin næringspolitikk KNS bør vera rådgjevar/ tilretteleggjar for nyetarblererar og hjelpa med praktisk tilrettelegging - Ja- kommune -Vi treng arbeidsplassar og fleire lærlingeplassar. -Bruke landbruknæringa meir aktivt, vidareforedling og kortreist mat. -Ha klare næringsareal- hindra spekulative

Tema	Kva har vi	Kva ønskjer vi
		<p>oppkjøp.</p> <ul style="list-style-type: none"> -Grunderkontorfellesskap/møter -Næringspolitikk: Aktiv, på hugget, rekruttering, ja kommune (har hatt dette som mål i ein generasjon utan å lykkast i noko særskild grad....) -Fleksibilitet: ope kontor/fellesskap/ miljø - Stor breidde i kunnskaps- og kompetansesarbeidsplassar både innan privat og offentleg verksemd - Innovasjon og enda fleire næringar knytt til det grøneskiftet. - Koordinering og produktutvikling innanfor reiselivsbransjen i kommunen.
<p>Diskusjon: Høve til å få seg relevant arbeid etter endt utdanning på høgskule/ universitet var eit viktig tema som vart drøfta i fleire samanhengar. Temaet bør få grundigare behandling fordi dette er eit av dei viktigaste områda kommunen må arbeida med for å kunna oppretthalde og auka folkesetnaden. Det som tydelegast vart debattert var kommunikasjon inn og ut av kommunen, teknologiarbeidsplasser, og evne til å sjå framover m.o.t. arbeidsplassar. Kvinnherad næringservice si rolle vart drøfta.</p> <p>Rekrutering av spisskompetanse var eit tema som var peika på som viktig for Helse fonna. Her var det viktig at ein kunne tilby jobbmoglegheit for ektefelle. God barnehagedekning var eit anna poeng i denne samheng.</p>		
<p>Deg og meg</p>	<ul style="list-style-type: none"> -Unge pensjonistar gjer ein formidabel jobb (Spørjeskjemaet peika på at det må bli lett å melda seg til frivillig innsats) -Ein kan bidra sjølv om ein ikkje er i arbeid. -Frivilligheten er stor- livslang yting -mulighet for utdanning –livslang læring -Dela kunnskap og halda kunnskap vedlike, fører til meir inkludering -Husnes har hatt mange «folkeslag»/kulturar frå tidleg 90-tal -Alle har ei mental helse og vi har alle ansvar for kvarande (si mentale helse) -Godt utbygd breiband i Kvinnherad -Godt utgangspunkt med kulturelt mangfald -Handlesenter 	<ul style="list-style-type: none"> -ein bank for kunnskap og kunnskapsbytte -Lett tilgjengeleg informasjon, kor kan eg finna det eg treng? Bibliotek, info.side, nettverk - Å ha nærleik til skule, barnehage og butikk gjer det lettare. -støtte til teikn og tale -Delingsøkonomi, (-Retro, Air BNB) -Laga rom for innovative smarte oppfinningar -Hjelpe med ekstern struktur -Ny teknologi gjev nye moglegheitar -Bra med omstilling! -Viktig at vi ser verdi i andre mennesker -Naturlege møteplassar, uformelle og formelle møteplassar -Resturantar, hotell, pub, konferansesenter -Det må vera enkelt å melda seg «til teneste» -Vi må ha toleranse og vera like høflege som borna våre når ein skriv på nettet og i avisene, slik at folk faktisk tør å meina noko -Framsnakking –like stor samfunnsnytte av ein politiker som ein idrettsutøvar. -Eit godt liv som førebyggjer mobbing og utestenging i alle grupper.

Tema	Kva har vi	Kva ønskjer vi
<p>Diskusjon: Dette temaet gjekk i stor grad ut på å drøfta haldningar til våre medmenneske og korleis vi greidde å inkludera alle i samfunnet. Universell utforming, møteplassar og integrering av flyktingar fekk plass i diskusjonane. Måten vi omtalar kvarandre på i aviser og i media (sosiale media) blei drøfta -fokus gjekk på kor mykje flinkare borna våre er til å opptre høfleg enn vår eldre generasjon.</p> <p>Utvikling skjer når nokon meiner noko anna enn det som er vanleg. Viktig at vi har evne og vilje til omstilling i takt med samfunnsutviklinga.</p> <p>Fysisk aktivitet og sunne matvanar var svara på i undersøkinga. Stikkord her var lågterskel-tilbod, låge prisar, parkar, gode turstiar, varierte tilbod og fellesturar. På spørsmål om kva som skulle til for at ein kjende seg trygg i kvardagen var gode haldningar blant folk, tilgjengeleg helsevesen, brannvesen, politi, sikker jobb og bustad der ein ønska å bu.</p> <p>Ein vidare planlegging innan for desse områda vil vera å samle det vi har av t.d. møteplassar for barn, unge ,vaksne, eldre, flyktingar eller andre sårbare grupper for å sjå om det er noko som manglar og som er naudsynt for den enkelte.</p>		
<p>Samferdsle og smart mobilitet Lokalt</p>	<ul style="list-style-type: none"> -lokal framkommeligheit- vegar til alle bygder -Noko hyppigare buss- forbindelse gjennom kommunen -Nattbuss i helga -Nattferje helg (Gjermundshamn-Årsnes) 	<ul style="list-style-type: none"> -Vegar av god standard, trafikkikkert og vegljøs. -Styrka kollektivtilbodet (auka frekvens Husnes-Valen-Sunde-Halsnøy) -Sykkel og gangsti Husnes-Valen –Sunde -Døgn tilgjengeleg taxiteneste -Overordna trafikksikringsplan -Smarte parkeringsløysingar -God pendlarrute frå Husnes til Stord -Nattbuss og Nattferje i alle retningar -grønare løysingar for framtida sine ferjer og bilar (el ferjer og el bilar)
<p>Samferdsle og smart mobilitet Regionalt</p>	<ul style="list-style-type: none"> -Folgefonn tunnelen -Haukelid ekspressen -Stord Lufthamn -Godt utbygd og tilgang til IKT infrastruktur 	<ul style="list-style-type: none"> -Snøggbåt i helgane -Hurtigferje frå Bogsnes til Bergen for bil og folk -Auka frekvens på hurtigbåt til/frå Flesland/Bergen (Stord, Hgsd og Stvg.) -Direkterute Sunde- Bergen -Hurtigbåt 7/7 -365 dagar i året også natt -Auka frekvens og driftssikkerhet på ferjene. Plassering av ferjekai på Kvinnheradsida og på Stordsida. - Slutt på fossilt brennstoff i 2025 -Tungtransport via sjøvegen (nyskaping) -Sunnhordlandsdiagonalen -Korrespondanse mellom Leirvik kai og Stord Lufthamn -Konkurransen innanfor samferdsle er positivt -Indre kystbussrute -Tog til Oslo over Haukelid
<p>Diskusjon: Samferdsle og kommunikasjon var eit stort tema. Det var eit sterkt engasjement for å få ein betre kommunikasjon mellom Kvinnherad og omverda. Kor ferjekaien mot Stord skal liggja og kor den skal gå til vart drøfta. Det var vektlagt raske/ effektive måtar å flytta seg på. At tilbodet</p>		

Tema	Kva har vi	Kva ønskjer vi
<p>var dårlegare i helgane og på natt var uheldig. I spørjeundersøkinga meinte folk at dei hadde nytta meir kollektivtransport om det hadde vore gratis, i forbindelse med kulturarrangement, om det var tilpassa arbeidsdagen eller dersom tilbodet hadde vore hyppigare. Helse Fonna var opptatt av gode kollektivtilbod ut av og internt i kommunen.</p> <p>Fokuset var og retta mot båt mellom Husnes og Bergen, ekspressbuss gjennom Kvinnherad til Bergen. Betre vegar, effektive løysingar på dag, kveld og natt for persontrafikk var viktig. Også under dette temaet var arbeidsplassar viktig. Muligheit for å arbeide i Bergen og pendla til Kvinnherad var viktig. (IKT var eit anna tema som kom opp i denne samanhengen. -Det går an å jobba annleis enn før med godt utbygd breiband)</p>		
Smart styring	<ul style="list-style-type: none"> -Web-tv i kommunestyret -Politisk liv må vera inkluderande og inviterande overfor interessentar. -Høyringsplattform -Transparens i offentleg forvaltning 	<ul style="list-style-type: none"> -Engasjement og deltaking i avgjerdslø -Politisk speed-dating -Sjølv ta ansvar for å finna fram og delta: gå til rett instans, lærande metodemodell som ansvarleggjer deltakarar, offentlege opne møter om ulike tema, laga møteplassar for diskusjonar om ulike tema. - Fag i skulen: korleis bli engasjert? -Politisk innovasjon. Fint om endring er positivt! -Langsiktige politiske planar -Digitalisera så mange oppgåver som mogeleg i kommunen -Raskare sakshandsaming i kommunen -Gjennomføringsevne og positive haldningar i kommunen -Viktig for kommunen å vera synleg i næringslivet.
<p>Diskusjon: Smarte menneske er eit tema i Smart City. Indikatoren legg vekt på ny kunnskap, inkluderande samfunn og kreativitet. Her vart dette drøfta som viktige bærebjelkar i det vidare arbeidet: Viktig med lokale utdanningsinstitusjonar, Gründersamlingar, at ein la til rette for lærlingar, at ein hadde dugnadsånd, at ein delte kunnskap med andre og hadde engasjement. Politikk og deltaking i avgjersprosessar skapar engasjement og pågangsmot. Gode prosessar fører til gode vedtak.</p>		
Sosiale nettverk og møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> -Kafear -Turstiar (med og utan aktivitetsstopp) -Kulturhus -Retro -Ungdomsklubb (Husnes, Rosendal og Sæbøvik) -Kino -Bibliotek -Idrettslag -Skular -Arbeidsplassar -Frivillige lag (turstiar, Gurine, Opsangervågen, Valestiftinga m.fl) 	<ul style="list-style-type: none"> -For nye innbyggjarar kan det vera vanskeleg å koma inn i eit miljø som er etablert. Viktig å vera inkluderande. , Fadderordning dialog og openheit. -Viktig med gode bussforbindelsar mellom heim og aktivitetar. -Spesialiserte butikkar og kafetilbod. -Leikeplassar i sentrum -Lavterskel: Aktivitetar for vaksne -Wifi i Husnes sentrum -Kopla yngre og eldre (på kino, grilling .m.m)
<p>Diskusjon: Sosiale møteplassar vart drøfta i mange samanhengar, jobb, kultur, daglegliv og inkludering. Vertskapsrolla, «altså den som kjenner seg heime må ta den som er ny, med seg»</p>		

Tema	Kva har vi	Kva ønskjer vi
<p>Dugnads «ånda» blei trekt fram som positive møtearenaer. Fysisk tryggleik til dei sosiale samankomstane var viktig (gatelys, trafikksikkert, politi) Både spørjeundersøkinga og drøftingane i gruppene ga innspel til nettverk og møteplassar.</p>		
Klima og miljø	<ul style="list-style-type: none"> -Avfallsortering -Ladestasjon for el- bil på Husnes og i Rosendal 	<ul style="list-style-type: none"> Bruke meir sykkel og gå meir. Vera eit godt eksempel og motivera andre gjennom handling. Energitiltak i hus El og hydrogenbil infrastruktur Sykel og gangstiar Autonome elektriske bussar (og båttransport)
<p>Diskusjon: Miljø og klima vart drøfta i ulike samanhengar. T.d vart det stilt spørsmål om ein kunne bruke el køyretøy ved anleggsarbeid. Og om ein kunne stille krav til dette gjennom anbudsgrunnlaget? Frå spørjeskjemaet kom det kommentarar på å ha fokus på resirkulering, sykle og gå meir, energitiltak i hus, el og hydrogenbil infrastruktur og at ein gjennom handling var gode rollemodellar for andre.</p> <p>Klima og miljøtiltak er viktige framtidsretta tiltak som vi alle kan bidra til. Kvinnherad kommune har ein klima og energiplan som er politisk forankra i 2011. Denne planen kan stå som ein overordna plan som gjev retning i heile kommunen. Vi treng å bli meir bevisste og ha fokus på bærekraftige løysingar i mange samanhengar.</p>		
Bustadar i Kvinnherad og på Husnes	<p>-Vi har einebustadar. (det ligg stort sett mellom 50-65 husvære for sal til ei kvar tid i Kvinnherad. Her er hus med både høg og låg standard, prisen står i forhold til kvaliteten.)</p>	<ul style="list-style-type: none"> -Billige småhusvære for førstegangsetablerarar og einslege sentralt. -Billige husvære i sykkelavstand/ nærleik av skule og fritidsaktivitetar. -Einebustadar der folk ynskjer å bu -Bustadar med god utsikt og soltilhøve -Bufellesskap (10-15 bueiningar) for eldre nær sentrum -tilrettelegge for Oddingar i Austrepodlen
<p>Dette temaet vart ikkje drøfta, men kom fram gjennom spørjeundersøkinga. Fleire av svara var heilt ulike. Nokre meinte vi trong fleire av alle typar hus, medan andre meinte vi hadde nok hus. Nokre meinte vi trong fleire hus i utkantane, medan andre meinte vi trong fleire hus nær sentrum. Fleire peika på Husnes sentrum i denne samanhengen. Nokre skreiv nær butikken. Nokre peika på at det har vore få plassar å velja mellom m.o.t. alternativ (- Røsslandslia har vore einaste alternativet) Nokre peika på at det var viktig å etablera nye bu- muligheitar i bygdene, andre i sentrum.</p> <p>Når no Hydro Husnes skal opp med 60 nye arbeidsplassar vi det nok vera eit større behov for fleire bustadar nærleik av bedrifta. «Bustad pakken» er kommunen sin aktive politiske satsing i Kvinnherad og her har kommunen 22 nye leilighetar for sal innan hausten 2018. Politkarane har bed om at administrasjonen utarbeidar forslag til kor det er behov for, og mogeleg å etablera kommunale byggefelt. Dette arbeidet er i startgropa og vil ha fokus på Husnes og dei nye arbeidsplassane som skal etablerast.</p>		
Smart økonomi		<ul style="list-style-type: none"> -Næringsklynger -Vektlegging på innovasjon og utvikling -Turisme og merkevarebygging -Framtidsretta arbeid og arbeid for alle -Å kunna sjå ting i samheng - Felles marknadsføringstiltak for små næringar og bedrifter

Tema	Kva har vi	Kva ønskjer vi
	<p>Diskusjon: Indikatoren legg vekt på entreprenørskap og innovasjon, på produktivitet og på lokalt og globalt nettverk. Tema som gjekk igjen var næringsklynger, turisme, merkevarebygging, Kvinnherad næringssservice, høvelege industriområder, lærlingplassar, arbeid for alle, at vi var framtidsretta, hadde satsingsvilje og at vi kunne digitalisera oss. Viktig å opparbeida nok næringsareal. Dette temaet flyt over i arbeidsplassar og drøftingane bar preg av det. På spørsmål i undersøkinga om det var noko meir som var viktig sa fleire at det var viktig å finna kommunen sin identitet og bruke dette aktivt inn i arbeidet med å utvikle, vera innovative og tiltrekka oss ungdommen til Kvinnherad. Nokre peika på viktigheten av å finna høveleg arbeid til den enkelte trass helseutfordringar.</p>	